



INFORMASJONSMØTE OM NORSK VANDREFESTIVAL

Tid: måndag 22. mars kl 19:30

Stad: Todalen ungdomshus

Norsk Vandrefestival skal arrangerast for aller første gong 10.-15.august i år. Vi ønskjer at festivalen skal vise gode eksempel og hjelpe til å utvikle eit allsidig aktivitetstilbod innan vandring, natur- og kulturopplevingar for tilreisande og lokalbefolkning i dei beste friluft- og naturområda i Halsa Surnadal og Rindal.

Vandrekonferansen under Norsk vandrefestival skal vere eit *kjernearrangement* i festivalen.

Arbeidstittelen på både festivalen og konferansen er "Naturen som leikegrind". Fordi vi ønskjer lage ein *ny form for konferanse* – i kombinasjonen av *opplevingar og fagleg påfyll, kunnskap og inspirasjon frå staden vi er på*, ønskjer vi oss **Kårvatn og Todalensom konferansestad og hovudbase** for Norsk Vandrefestival i 2010.

I tidlegare innleiande møte mellom Norsk Vandrefestival, Gudmund Kårvatn, Godt mot Todalen og Todalen idrettslag er tankar og positiv tilslutning lufta. I fellesskap ønskjer vi derfor no å høyre kva resten av Todalen og todalingane ser av mulegheiter til å delta, skape fokus på bygda og regionen, og ha att i form av profilering, lokale leveransar og nærings- og bygdeutvikling.

Dette er ei mulegheit for bygda - så vi håpar mange vil møte opp med interesse for korleis vi kan utvikle dette til eit knakande godt arrangement.

VEL MØTT TIL ALLE INTERESSERTE!

Møtet er eit samarbeid mellom: Godt mot Todalen, Todalen IL og Norsk Vandrefestival